

Høvedsmannsinstruks for Båtlaget Braute

Vedteken 14.05.2009 av høvedsmannsrådet

Generelt

Høvedsmannen har kommandoen om bord og er ansvarleg for at båt og mannskap kjem trygt i hamn. Han kan overlata kommandoen mellombels til bestmannen eller andre, men har likevel ansvaret, og må gjera klårt for alle at det er hans ord som gjeld. Han har òg eit pedagogisk og sosialt ansvar. Høvedsmannen og bestmannen skal vera godkjende av høvedsmannsrådet i Braute.

Høvedsmannen skal setta seg inn i tryggingsarbeidet til Braute og følgje det opp. Det er skissert i denne instruksjonen og i dokumenta Beredskapsplan, Feil på båten og Uønskte hendingar. Dessutan må han passe på at studieringskjema blir utfylt, for det gjev ei viktig inntekt til båtlaget.

Før avreise

Høvedsmannen skal ta initiativ til ein samtale med bestmannen før avreise, der dei to avtalar korleis dei fordeler ansvar og innrettar seg seg imellom. I samråd med høvedsmannen kan bestmannen få ha eigne, sjølvstendige vakter.

Før avreise skal det vera eit fellesmøte om bord der tryggingsutstyret blir demonstrert og nødprosedyrar blir gjennomgådde. Der skal det òg gjerast kjent kven som skal ta kommandoen dersom høvedsmannen blir sett ut av spel, i tilfelle det ikkje er bestmannen.

På eit fellesmøte før avreise bør høvedsmannen dessutan skissere korleis han har lyst til å leggja opp turen (i vid meining) og kva han ønskjer seg og ventar seg av veka, og be mannskapet komma fram med sine ønske og forventningar. Høvedsmannen bestemmer, men helst i forma ”opplyst einevelde”. Får ein avdekt at det er sprikande forventningar, og drøfta dei, så kan det minske faren for konflikatar. Av same grunn bør høvedsmannen be om at deltakarane i løpet av turen seier frå dersom dei er redde eller misnøgde.

I kartkista skal det ligga ei sjekklister for registrering av feil og manglar. Den skal påmønstrande høvedsmann sjekke og vurdere om noko må ordnast før turen.

Organisering og opplæring

Ideen med Braute er å gjennomføre lange turar med fembøring utan motor, med tilfeldig påmeldt mannskap som for det meste blir skifta ut kvar veke. Derfor er det eit vera eller ikkje vera for oss å lære opp nytt mannskap raskt. Dette utgangspunktet legg føringar for organiseringa om bord. Det er nødvendig at nytt mannskap raskt får oversikt over oppgåvene i båten og samspelet mellom dei og lærer seg så mange oppgåver som råd. Derfor skal det vera ei form for rullering der alle byter på alle oppgåver så nær som kommando. Høvedsmannen skal òg leggja opp slik at han og dei andre rutinerte instruerer dei mindre rutinerte i høvelege situasjonar gjennom heile turen. Målet er at mannskapet forstår tankegangen bak prosedyrane, slik at behovet for kommando blir lite.

Kva som skal lærast gjev seg for det meste sjølv når folk får vera med på å handtere båten på dei ulike plassane i båten. Visse ting bør ein ta opp i tillegg: Sjøvegsreglar, godt sjømannsskap, nødprosedyrar, bruken av tryggingsutstyret, roing, navigering, kunnskap om meteorologi, straum, knutar, spleising og enkle reparasjonar. Rutinar til hardt vêt bør gjennomførast i lett vind òg.

Det normale på Braute er at mannskapet er delt i to vakter som er to timar på og to timar av, og der kvar rykker éin plass attover for kvar vakt. Da er det definert fem oppgåver / plassar i tillegg til kommando:

1. skottkar (utkik / boline / signat)
2. halskar (halsen og priaren)
3. midtromskar (toppseglskaut og rakketrose, springe fram med halsen)
4. skautkar (skaut og navigasjon)
5. styrekar (styre)

Høvedsmannen fordeler folk på vaktene i samråd med bestmannen.

I samråd med mannskapet kan høvedsmannen organisere seglinga og mannskapet på andre måtar enn skissert her, så sant det ikkje går ut over opplæringa. Mellom anna kan han i vanskelege situasjonar setta dei beste der dei trengst mest. I heilt spesielle situasjonar kan han be ein deltakar gå av, dersom det er det beste for fellesskapen eller personen.

Høvedsmannen har ikkje berre ansvar for båten og mannskapet. Han skal òg ta vare på seg sjølv og si eiga lyst til å segle som høvedsmann på Braute. Derfor kan han reservere seg mot fellesplikter av ulike slag, og i det heile leggja opp slik at han får lyst til å segle neste gong òg. Det er ei ærleg sak, men det er viktig å vera open om dei vala ein gjer.

Tryggingarbeid og -utstyr

Tryggingsutstyret på Braute er redningsfløte, redningsvestar, kasteline, livbøye og lykta som høyrer til, nødpeilesendar, nødrakettar, nødbluss, røykboksar, lysstavar, tåkelur, kraftig lommelykt, radarreflektor, 2 brannsløkkingsapparat, VHF-radio og 2 dreggar. Når utstyret blir gjennomgått før avreise, skal ein òg peike ut fyrstehjelpssakene og FM-radioen og orienterere om rutinar for koking med gass, opplyse at nødnummer på telefon er 112, og spørja om nokon ikkje kan symja. Dessutan bør ein snakke om kven som gjer kva i ein nødsituasjon. Gjennomgåinga av utstyret kan gjerne gjentakast litt uti etappen.

Nødpeilesendaren står fastmontert på ein brakett rett innanfor døra i løftingen på babord. Under frisk segling i dårleg vêr bør nokon ha han på kroppen, for etter kollsegling er han vanskeleg å få tak i. Nødpeilesendaren løyser seg ut i kontakt med vatn, så pass på at skvett eller søl ikkje utløyser falsk alarm. Til vanleg *skal* han stå i vernekragen sin. Det er viktig at alle om bord kan bruke nødpeilesendaren. Bruksanvisninga bør granskast i ledige stunder.

Mann over bord-øving skal gjennomførast minst éin gong per etappe, helst i starten av etappen, og bør gjentakast under ulike forhold. Øvinga med å ta seg fram til personen kan gjerast med markør (bøye), men ein bør òg trene på å få eit "livlaust" menneske om bord. Redningstau med knutar på bør henge etter båten under bading og i stor fart eller dårleg vêr.

Høvedsmannen kan krevja at mannskapet brukar redningsvest. Hugs: Behovet kan vera størst i udramatiske situasjonar, som i innanskjerssegling i frisk unnavind. Det skal vera redningsvest til 12 vaksne om bord. Foreldre må ha med eigne vestar til ungane.

Nødrakettar og nødbluss brukar å ligga i vasstette pakkposar når vi er på tur; éin under atterenden av jolla på styrbord (rett framom hammelrommet) og éin attom halsen på babord. Pakkposane har vi da knytt fast i båten; og sidan dei er på kvar si side, skal i alle fall éin vera tilgjengeleg om vi kollseglar.

VHF: Batteristatus og solceller bør kontrollerast før avreise og i løpet av turen. Ei liste med viktig kontaktinformasjon, som VHF-kallesignalet vårt, nummer til kontaktperson osv., skal vera plassert lett tilgjengeleg og godt synleg om bord. Høvedsmannen skal kunne bruke VHF og skal sjå til at mange kan nok til å sende nødmelding om det trengst.

Kontroll av rigg, styre, lanterner m.m. skal vera dagleg rutine. Feil må rettast før dei kan skapa problem. Det skal kvitterast på skjemaet "Feil på båten", i kartkista. Nytt utstyr skal berre kjøpast som erstatning for tapt eller øydelagt utstyr, eller etter avtale med styret.

Kollsegling: Sjå beredskapsplanen. Høvedsmann og bestmann bør gå med kniv for å kunne skjera av vanta i le.

Alkohol skal ikkje brukast før båten ligg ferdig fortøydd i nattehamn.

Uønskte hendingar skal rapporterast på skjemaet som heiter dét. Det er slikt som personskaade, kollisjon e.a.; slike ting som ein gjerne vil diskutere med andre høvedsmenn etterpå. Tanken er å bygge opp ein felles erfaringsbase systematisk og å bruke den i utviklinga av høvedsmennene og bestmennene. Slike hendingar bør òg gjennomgåast med mannskapet etterpå.

Kontakt med land og tilhøvet til båtlaget

Mannskapsbyte: Høvedsmannen skal kontakte kontaktpersonen for kommande etappe innan klokka 19.00 torsdag i seglveka og gje melding om kor mannskapsbytet skal skje.

Av- og påmønstring: Høvedsmannen skal sjå til at kontaktpersonen blir varsla når nokon går av eller på i løpet av etappen. I tilfelle forlis og leiteaksjon er det livsviktig at dei på land veit kven som var om bord.

Betaling: Høvedsmannen skal sjekke at deltakarane har betalt medlemsavgifta og seglavgifta, pga. inntektene til laget. Forsikringsselskapet godtek "enhver rettmessig bruker av båten", altså alle som har fått løyve av ansvarleg representant for Braute.

Studieringskjema: Høvedsmannen må passe på at frammøteliste blir utfyllt og arkivert i kartkista.

.....

Høvedsmannsinstruksen er utarbeidd både som rettleiing til høvedsmennene og som dokumentasjon av rutinane våre, fordi dét blir krevd av styresmaktene.